

Vedteken av
Hyllestad
kommunestyre
18. juni 2026,
KS-sak 24/391



Hyllestadsamfunnet mot 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036



Innhald

FORORD	4
Kapittel 1 FØREMÅL MED PLANEN	6
1.1 Kva er ein kommuneplan?	
1.2 Kvifor skal vi bry oss?	
1.3 Korleis skal samfunnsdelen fyljast opp?	
Kapittel 2 VIKTIGE FØRINGAR	8
2.1 Nasjonalt og regionalt	
2.2 Økonomisk omstilling	
2.3 Samfunnssikkerheit og beredskap	
Kapittel 3 UTVIKLING OG SITUASJONSBILETET	12
3.1 Kunnskapsgrunlag	
3.2 Situasjonsbiletet	
Kapittel 4 VISJON OG PRIORITERTE TEMA	16
Kapittel 5 MÅL OG STATEGIAR: KVA SAMFUNN YNSKJER VI I HYLLESTAD?	18
Kapittel 6 AREALSTRATEGI	26
Kapittel 7 KOMMUNEPLANPROSESSEN OG MEDVERKNAD	30

FOTO

Forside, s2, 6, 8, 15, 16, 18, 20, 22, 24, 27, 28, 29, 30, 32, bakside © Visit Fjordkysten og Sunnfjord

s4, 10, 11, 12, 13, 14, 17, 21, 23, 33 Sergii Afanasiev

s5 Wenny Irene Hansen



Forord

Hyllestad kommune står ved inngangen til ein ny planperiode 2025–2035 med stoltheit og optimisme. Denne reviderte samfunnsdelen av kommuneplanen er eit resultat av brei medverknad og eit sterkt ønske om å forme framtida vår saman. Som ordførar og kommunedirektør er vi glade for å kunne presentere ein plan som byggjer vidare på det vi har oppnådd, samtidig som han peikar ut retninga for dei neste ti åra.

Det siste tiåret har vore prega av formidabel utvikling i Hyllestad. Opninga av fleirbrukshallen og dagsturhytta i 2019 vart på mange måtar starten på ein periode der planar vart realiserte. Frivilligheita har blomstra, og det er imponerende kva lag, organisasjonar og enkeltpersonar har fått til. Turstiar og friluftsanlegg er bygde opp, sjukeheim, kommunehus, barnehage og skule er oppgraderte, og Kvernsteinsparken har styrkt si stilling som ein viktig samfunnsarena. Ikkje minst er det gledeleg at Fjordkysten Geopark har oppnådd UNESCO Global Geopark-status, som set Hyllestad på kartet og opnar nye moglegheiter for berekraftig reiseliv og formidling av vår unike natur- og kulturhistorie.

Vi er opptatt av å styrke Hyllestad sentrum som eit levande kommunesenter, samstundes som vi har eit tydeleg fokus på bygdeutvikling og levande grender på lokale premissar. Slik skal vi sikre eit attraktivt og heilskapleg Hyllestad der alle bygder får utvikle seg ut frå sine eigne kvalitetar.

Samstundes står vi framleis overfor utfordringar som er velkjende for distrikts-Noreg. Sentraliseringskreftene er sterke, og lokaldemokratiet blir stadig utfordra av avgjerder som blir tekne nasjonalt og internasjonalt. Folketalsutviklinga, demografiske endringar og økonomisk omstilling krev kontinuerleg innsats.

Likevel er vi overbeviste om at Hyllestad har eit godt grunnlag for å møte desse utfordringane. Vi har eit sterkt næringsliv, eit rikt kultur- og friluftsliv, og ikkje minst eit lokalsamfunn med stor dugnadsånd.

Den nye kommuneplanen set ambisiøse, men realistiske mål: levande bygder og eit styrka kommunesenter, natur- og klimaomsyn som grunnmur, tilhøyrslø gjennom kultur og aktivitet, inkluderande folkehelse, trygg infrastruktur og berekraftig verdiskaping. Planen byggjer vidare på visjonen frå førre planperiode om eit inkluderande og attraktivt Hyllestad, men er oppdatert med ny kunnskap og erfaringar.

Vi vil særleg takke alle frivillige som legg ned ein enorm innsats kvar einaste dag. Det gode samfunnet skapar vi i saman i eit trygt og inkluderande fellesskap. Tusen takk til alle som har bidrege i planarbeidet – politikarar, tilsette, frivillige, næringsliv og innbyggjarar. No er det opp til oss alle å setje planen ut i livet. Gjennom samarbeid, kreativitet og vilje til handling kan vi sikre at Hyllestad også i framtida skal vere eit godt og attraktivt samfunn for alle generasjonar.

La oss saman byggje vidare på det vi har – med optimisme, realisme og kjærleik!

Kjell Eide, Ordførar

Gjermund Flage, Kommunedirektør

Hyllestad kommune, mai 2026



Føremål med planen

Hyllestad kommune sin samfunnsdel er ein plan som kan brukast i «alle» anledningar. Men, for å ta den i bruk, er det viktig å vite kva ein kommuneplan er, kvifor ein skal bry seg om den og kordan planen skal følgjast opp.


1.1 Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen sett overordna mål for utviklinga av Hyllestad kommune som samfunn og som organisasjon, og legg grunnlag for all planlegging i kommunen. Ein kommuneplan består av to hovuddelar: Ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel.

Samfunnsdelen tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunen. Handlingsdelen fastsett korleis planen skal fyljast opp, gjennom tiltak, dei fire påfølgande åra eller meir, og skal reviderast årleg. Økonomiplanen etter Kommunelova § 44 kan inngå i handlingsdelen.

Arealdelen skal, gjennom arealbruk, reflektere og følge opp målsetjingane i samfunnsdelen.

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for ei ynskja samfunnsutvikling i Hyllestad. Føremålet med planen er at den skal ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver (pbl. §11-1). Utarbeida samfunnsdel legg grunnlag for vidare planar og tiltak i kommunen.



Figur 1: Forenkla illustrasjon av kommuneplanen.

1.2 Kvifor skal vi bry oss?

Samfunnsdelen er relevant for deg fordi den sett retninga for kordan bygda du bur i eller området du jobbar i skal utvikle seg. Den legg grunnlaget for korleis kommunen skal utviklast framover og trekk fram prioriterte satsingsområde som påverkar deg og din kvardag.

a) Kommuneplanens samfunnsdel handlar om Hyllestad si utvikling!

b) Samfunnsplanen skal svare på spørsmålet «Kva samfunn ynskjer vi i Hyllestad?». Ved å setje ei strategisk retning, med lokalt fokus, kan vi saman jobbe for å oppnå felles mål.

c) I planlova §11-3 står det: «Kommuneplanens samfunnsdel skal leggjast til grunn for kommunens eigen verksemd og for statens og regionale myndigheites verksemd i kommunen».

Kort fortalt betyr det at måla og strategiane er bindande for kommunen, men vil og vere retningsgivande for regionale og nasjonale samarbeidsaktørar.

d) Kommuneplanens handlingsdel gjev grunnlag for kommunens prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Den konkretiserer tiltak innanfor kommunens økonomiske rammer.

Det er viktig at ein bryr seg. Lokalt skal måla og strategiane bidra til at ulike aktørar utviklar eigne tiltak som gjer at vi saman i større grad kan lukkast i arbeidet med å nå måla. Planen skal gje ei retning på korleis vi saman kan lykkast med å løyse samfunnsutfordringar gjennom målretta prioriteringar.

1.3. Korleis skal samfunnsdelen fyljast opp?

Kommuneplanen skal vere førande for å forstå kommunen si rolle både i høve tenesteproduksjon, forvaltning og samfunnsutvikling. Planen skal gje retning for arbeidet innan dei ulike tenesteområda i kommunen, og for andre offentlege og private aktørar. Likevel går ikkje samfunnsdelen ned i detalj eller tiltak.

I Hyllestad sin årlege handling- og økonomiplan, samfunnsdelen sin handlingsplan, skal det vedtakast ei økonomisk ramme for korleis kommunen skal fylje opp mål og strategiar.

KAPITTEL 2

Viktige føringar og omsyn



2.1 Nasjonalt og regionalt

FNs 17 berekraftsmål skal vere førande for korleis Hyllestad kommune arbeider med dei største samfunnsutfordringane, og skal danne grunnlaget for all kommunal planlegging. Nasjonale forventingar skal òg følgjast opp i planarbeidet og bidra til ei berekraftig utvikling i heile landet.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 listar opp fire overordna og langsiktige satsingsområde:

- velferd og verdiskaping
- demografi og likeverd
- klima og natur
- samarbeid

Utviklingsplanen baserer seg på **Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028** som synleggjer utfordringane i Vestland på tvers av berekraftsmål og sektorar, og som legg grunnlaget for politiske avvegingar og prioriteringar i utviklingsplanen. Vestland brukar berekraftsmodellen som vektlegg klodens bereevne som grunnlag for sosial og økonomisk berekraft. Modellen understrekar at ingen skal utelatast i samfunnsutviklinga.



Figur 2: Berekraftsmodell nytta av Vestland fylkeskommune. Kjelde: Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028, s.15.

2.2 Økonomisk omstilling

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal bidra til å møte dei økonomiske utfordringane Hyllestad kommune står ovanfor i planperioden 2025-2035. Demografiske endringar påverkar òg det økonomiske resultatet, der færre yrkesaktive og fleire eldre fram mot 2040 vil gje høgare utgifter i eldreomsorga og mindre inntekter på skatt.

Kommunen har høge driftsutgifter, høg gjeld, avgrensa midlar på disposisjonsfondet (pengar i banken). Reduksjon i rammeoverføringar og eit negativt driftsresultat svekkar handlingsrommet ytleigare.

Ved inngangen til 2026 er disposisjonsfondet om lag 11 prosent og gjeldsgraden over 100 prosent. Kostnadsnivået steig kraftig i 2022, og kommunen har sidan vore prega av eit for høgt driftsnivå. Difor er det frå 2025 vedteke store innsparingskrav, og det er ikkje rom for nye større investeringar før gjeldsgraden er redusert.

For å sikre økonomisk stabilitet og berekraft er kommunen avhengig av havbruksinntekter, stabile skatt- og rammeoverføringar og gode resultat frå kapitalforvaltninga i pensjonsfonda, samstundes som ein må dempe veksten i utgifter.



2.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap er eit grunnleggjande omsyn i all planlegging og tenesteutvikling i Hyllestad kommune. Auka geopolitisk uro, klimaendringar, ekstremvêr og digital sårbarheit stiller krav til ei heilskapleg og kunnskapsbasert tilnærming. Kommunen har ansvar for å førebygge uønskte hendingar, sikre tryggleik for innbyggjarane og oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar som vatn, kraft, infrastruktur og kommunikasjon.

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) er eit sentralt grunnlag for prioriteringar i både beredskap, tenesteutvikling og arealplanlegging.

Arbeidet med ny ROS for perioden etter 2023 er i gang og ferdig i 2026, og byggjer særleg på utfordringar knytte til auka nedbør og rasfare, havnivåstiging og ekstremvêr som påverkar straum- og telenett. Klimatilpassing og robust infrastruktur er avgjerande for ei trygg samfunnsutvikling. Arbeidet med å oppdatere den overordna ROS-analysen og handlingsplan er planlagt fullført i 2026.

Dette arbeidet skal gje kommunen ei strategisk tilnærming slik at ein har beredskap til å handtere ulike risikoar knytt til samfunnssikkerheit.

KAPITTEL 3

Utvikling og situasjonsbiletet



3.1 Kunnskapsgrunnlaget

Det er utarbeidd eit samla **kunnskapsgrunnlag** som dannar grunnlaget for mål og strategiar i samfunnsdelen og arealdelen. Kunnskapsgrunnlaget sitt formål er å synleggjere situasjonsbiletet i kommunen og på den måten få betre svar mellom ambisjonar og ressursar. Kunnskapsgrunnlaget er ein revisjon av samfunnsplanen frå 2018 og vedteken planprogram og -strategi vedteken 7.november 2024. Vedlegga til kunnskapsgrunnlaget omfattar resultat frå medverknadsarbeidet og utfyllande status over folkehelsa i kommunen.



3.2 Situasjonsbiletet

Ein viktig del av planarbeidet er å få ei felles forståing av dei viktigaste utfordringane og kva for prioriteringar som må gjerast dei næraste åra for å gå i same retning. Ein kan ikkje planlegge framtida fullt ut, men gjennom planen kan vi prioritere tiltak vi trur gjev best effekt og fører oss i ei ynskja retning.

På bakgrunn av kommuneplanen sitt kunnskapsgrunnlag, utarbeida i samband med revisjon av samfunnsplanen, synleggjer situasjonsbiletet desse hovudpunkta:

- Folketalsutvikling og demografi
- Bustader og stadutvikling
- Sosial berekraft og folkehelse
- Økonomisk berekraft og verdiskaping
- Klima- og miljømessig berekraft
- Kultur, fritid og deltaking
- Samferdsle og infrastruktur
- Areal, natur og kulturminne

Folketalsutvikling og demografi

Hyllestad har hatt ein jamn folketalsnedgang sidan 2014, driven av både fødselsunderskot og negativ nettoinnflytting. Med ei tydeleg aldrande befolkning er det venta ein nedgang i berekraftsbrøken fram mot 2040. Befolkninga er spreidd og utan tettstadsstruktur, med variasjonar mellom bygdene.

Sosial berekraft og folkehelse

Hyllestad har ei generelt god folkehelse, men sosiale skilnader, fleire som bur aleine og ein del born i låginntektsfamiliar påverkar deltaking og livskvalitet. Kommunen er avhengig av godt samarbeid mellom tenester, frivillig sektor og lokalsamfunnet for å førebyggje utanforskap, støtte born og unge og sikre inkluderande oppvekst- og levekår.

Bustader og stadutvikling

Bustadmarknaden er svak med låg etterspurnad, låg omsetnad, få nybygg og høg del einebustader. Kommunen har i 2026 har starta opp eit prosjekt som skal utarbeide ein bustadplan med tilhøyrande bustadsosial handlingsplan. For Hyllestad kommune kan busetjingsmønsteret vere ein utfordring for tenesteytinga.

Areal, natur og kulturminne

Arealrekneskapan syner at bustader er hovudsakleg samla rundt dei tre sentra, medan fritidsbustader er spreidde. Planreserven er stor, særleg for fritidsbustader, og fleire område står i konflikt med verdifulle jordbruks- og naturareal. Kulturminne og kulturmiljø i kommunen utgjer ein viktig del av identiteten, historia og samfunnsutviklinga lokalt.

Klima- og miljømessig berekraft

I følge klimaprofil for Vestland, må Hyllestad førebu seg på meir ekstremvær med oftare styrtregn, meir overvatn og større fare for flaum og skred. Klimagassutsleppa har gått ned over tid, men har auka dei siste åra, særleg frå sjøfart. Sjølv om kommunen produserer mykje kraft, er straumforsyninga sårbar fordi ho er knytt til éi forsyningslinje og eit gammalt regionalnett. Vasskvaliteten varierer, og fleire vassverk treng oppgradering.

Kultur, fritid og deltaking

Hyllestad har eit breitt og viktig kultur- og fritidstilbod som styrkjer trivsel, deltaking og folkehelse. Kommunen legg til rette for kultur, idrett, friluftsliv og frivillig aktivitet gjennom kulturskulen, biblioteket, frivilligsentralen og gode møteplassar. Over 50 lag og organisasjonar bidreg til eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn, og ungdom deltek i stor grad i organiserte aktivitetar. Den frivillige involveringa skapar viktig aktivitet og tilbod i kommunen.

Samferdsle og infrastruktur

Hyllestad har eit spreidd vegnett som krev mykje vedlikehald og driftskostnadene per innbyggjar er høge. Bilen er det viktigaste transportmiddelet, med svært høg biltettleik og aukande tal elbilar, medan kollektivtilbodet er avgrensa og i hovudsak retta mot skuleskys. Vass- og avløpssystemet er sårbart og delvis utdatert, med fleire små vassverk og høge gebyr. Kommunen har god breiband- og mobildekning, men nokre område manglar stabil tilgang.

Økonomisk berekraft og verdiskaping

Næringslivet er dominert av marin sektor, skipsverft, mekanisk industri og primærnæringar. Hyllestad har dei siste åra hatt ein auke av personar som pendlar ut av kommunen og ein nedgang i personar som pendlar inn til kommunen. Skipsverftet i Leirvik er hjørnesteinsbedrifta til kommunen med planlagd vekst i åra framover, medan havbruk møter strenge miljøkrav. Reiselivet er i utvikling gjennom UNESCO-status og berekraftssertifisering.



Visjon og prioriterte tema



Hyllestad kommune -
Inkluderande og attraktiv

Visjonen peikar mot eit bilete vi ynskjer å oppnå, der Hyllestadsamfunnet er inkluderande og at vi arbeider i fellesskap for å bli eit attraktiv samfunn.

4.1 Prioriterte tema

Gjennom politkarverkstader i samband med revisjonen av samfunnsplanen, og i arbeidet med planprogrammet og planstrategien, har dei folkevalde peika ut følgjande oppdaterte satsingsområde for kommunen:



1. Sentrum- og bygdeutvikling
2. Natur, miljø og klima
3. Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
4. Folkehelse
5. Infrastruktur
6. Næring og verdiskaping

Mål og strategiar




5.1 Kva samfunn ynskjer vi i Hyllestad?

I dette kapitlet er det sett opp konkrete mål for utviklinga med tilhøyrande strategiar som vi trur kan føre oss i den retninga vi ynskjer. I utforminga av mål og strategiar er det tatt utgangspunkt i prioriterte tema som er overordna i det kommunale plansystemet.

Samfunnsdelen skal fungere som eit langsiktig strategisk styringsdokument for kommunen si utvikling, med eit perspektiv på ti år. Samstundes skal kommuneplanen vere realistisk, handlings- og abmisjonsretta, ikkje ei ynskjeliste utan fotfeste i realitetane.

Oppfølging av mål og strategiar fastsettast i handlings- og økonomiplanen gjennom tiltak for dei komande fire åra eller meir, og skal reviderast årleg.

Sjølv om folkehelse er eit prioritert tema og tydeleg omtala i mål 4, dannar det eit gjennomgåande grunnlag for heile planen. Dette er vurdert i tråd med folkehelselova §4 og kunnskap om levekår, avstand til tenester og deltaking i kvardagslivet. Dette er nytta i utarbeiding av mål og strategiar for bustadutvikling, transport og gode nærmiljø.



Mål 1: I Hyllestad har vi levande bygder og eit tydeleg styrka kommunesenter

Innan planperioden har vi ein styrka sentrumsfunksjon på Hyllestad og livskraftige bygder, med minst 20 nye bueiningar.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for fortetting og sentrumsnær bustadbygging, universelt utforma møteplassar og turveggar i Hyllestad, samordna med oppvekst- og kulturarenaer, og med omsyn til kulturmiljø.
- 2) Vi legg til rette for bygdeutvikling på lokale premiss ved å opne for bustader i grender med eksisterande infrastruktur og tilhøyrslø, og ved å differensiere spreidd bygging i tråd med arealdelen og omsyn til natur og landbruk.
- 3) Kommunen skal vere ein aktiv aktør i bustadutviklinga, og gjennom planlegging, verkemiddel og samarbeid bidra til eit variert og tilgjengeleg bustadtilbod som møter framtidige utfordringar i bustadmarknaden.



Mål 2: I Hyllestad er natur-, klima- og beredskapsomsyn grunnmuren for eit trygt og robust lokalsamfunn

Innan planperioden har vi styrka klimatilpassing mot overvatn, flaum og skred, og oppdatert den heilskaplege ROS-analysen som grunnlag for vidare planlegging.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for klimatilpassing i praksis ved å ta omsyn til naturfare, karbonlagring, jordvern og naturmangfald i all planlegging.
- 2) Vi legg til rette for utsleppsreducerande drift og mobilitet ved tilrettelegging for grønne transportval og ENØK-tiltak i bygg og anlegg.
- 3) Vi legg til rette for oppdaterte planar for samfunnstryggleik og beredskap, som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS-analysen vår peikar på.





Mål 3: I Hyllestad skapar vi tilhøyrse og identitet gjennom kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv

Innan planperioden har vi auka jamnleg deltaking i kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv ved å styrke eksisterande tilbod og møteplassar i kommunen.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for sambruk av eksisterande kunnskaps- og aktivitetsarenaer, med låg terskel for deltaking og formidling.
- 2) Vi legg til rette for friluftsliv der folk bur ved å prioritere turveggar og nærturområde, og synleggjer tilbod gjennom felles kanalar og styrka samarbeid.
- 3) Vi legg til rette for frivilligheita i heile kommunen ved å styrke samarbeidet mellom frivillig sektor og det offentlege, gjennom gjeldande frivilligstrategi.
- 4) Vi legg til rette for eit levande kulturliv der kulturarv er ein sentral del av identitet og tilhøyrse, med kultur- og kulturminneplanen som eit viktig verktøy for utvikling og prioritering.

Mål 4: Hyllestad er eit inkluderande lokalsamfunn og fremjargod folkehelse for alle

Innan planperioden har vi utvikla levande bygder og eit aktivt sentrum som er tufta på respekt, openheit, samhald og tillitsfulle relasjonar, og som gjev gode moglegheiter for aktiv deltaking, mangfald og samarbeid for unge, eldre, tilflyttarar og resten av befolkninga.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for tidleg innsats ved styrke det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet rundt born, unge og familiar gjennom eit tett samarbeid mellom sektorane.
- 2) Vi legg til rette for å redusere sosial ulikskap og utanforskap ved å fjerne barrierar for deltaking og utvikle målretta, lågterskel tiltak som gjer det mogleg for fleire å vere aktive i arbeid og fritida gjennom heile livet, uavhengig av føresetnader og funksjonsnivå.
- 3) Vi legg til rette for medverknad og inkludering ved å bruke etablerte råd, utval, lag og foreiningar systematisk i planlegginga, samt løfte fram brukarmedverknad i tenester og møteplassar.
- 4) Vi legg til rette for synleggjering av aktivitetar og tilbod gjennom eksisterande plattformer og felles bruk av kommunikasjonsstrategien og Hyllestadsamfunnet si profilhandbok.



Mål 5: I Hyllestad har vi trygg og framtidssretta infrastruktur og tilhøyrande tenester

Innan planperioden har vi god standard og tryggleik på kommunale- og fylkeskommunale vegar, meir føreseieleg kraft- og vassforsyning, og stabil digital infrastruktur i heile kommunen.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for utbetring av vegnettet ved å ha ein oppdatert plan for trafikktryggleik og vedlikehald.
- 2) Vi legg til rette for robuste og samanhengande transportløyningar der sjøtransport, hamner og veg fungerer godt saman for folk og næringsliv.
- 3) Vi legg til rette og arbeider heilskapleg for trygge skulevegar og mobilitet for alle gjennom Trafikksikker kommune-standard.
- 4) Vi arbeider for fleksible transportløyningar gjennom betre kollektivtilbod, og samarbeid med nabokommunar for å sikre deltaking i aktivitetar i eigen kommune og på tvers av kommunegrenser.
- 5) Vi legg til rette for å følge opp kritisk infrastruktur og beredskap ved å nytte oss av eksisterande kartleggingar, planar og samarbeid.


Mål 6: I Hyllestad stimulera vi til vekst, verdiskaping og berekraftig bruk av naturressursar

Innan planperioden har vi fleire og meir varierte arbeidsplassar gjennom innovasjon i industri- og havbruksnæringa, styrka kulturarv og berekraftig reiseliv, samt auka lokalt verdiskapingssamspel. Dette med dokumentert nedgang i utpendling og styrka rekruttering.

Strategiar

- 1) Vi legg til rette for tett dialog og utviklar føreseielege rammer og klare satsingar for næringsutvikling og lokal matproduksjon.
- 2) Vi legg til rette for berekraftig reiseliv og formidling av kulturarv ved å følge opp samarbeid med lokale og regionale aktørar, i tråd med berekraftig besøksforvaltning (god balanse mellom besøkjande og lokalsamfunn) og UNESCO Global Geopark godkjenninga.
- 3) Vi legg til rette for god samkøyring og skape positive synergjar med hjørnesteinsverksemda, skipsverftet i Leirvik.
- 4) Vi legg til rette for berekraftig rekruttering ved å vere framtidssretta, omstillings- og digitaliseringsvillig.
- 5) Vi legg til rette for berekraftig verdiskaping gjennom å satse på eit robust lokalt næringsliv som ynskjer å utvikle og vidareutvikle hovudnæring som skapar varige arbeidsplassar.
- 6) Vi legg til rette for styrka samhandlinga mellom næringsliv, innbyggjarar, kommunen og verkemiddelapparatet, gjennom målretta næringsssamspel, bruk av interkommunale næringsnettverk og samarbeid på tvers av kommunegrenser. Vi nyttar synergjar og kompetanse frå regionale og lokale aktørar for å sikre best mogleg rettleiing og kunnskapsdeling.





KAPITTEL 6

Figur 3: Arealstrategikart – forenkla framstilling av senterstruktur og hovudferdselsårer.

Arealstrategi

Ein arealstrategi er eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen. Arealstrategien skal danne grunnlaget for detaljerte arealplanar og skal omtale plassering og prioritering av framtidige utbyggingsområde. I tillegg skal den legge føringar for kva arealinnspel kommunen ynskjer å etterspørje i arbeidet med kommuneplanens arealdel.

6.1 Senterstruktur

Kommunen sin senterstruktur er bygd opp av to nivå: kommunesenteret og bygdesenter. Hyllestad har ingen område i kommunen som er definert som tettbygd. Likevel har kommunen tre tydelege knytestpunkt, kvar med eigne kvalitetar/funksjonar innan sine respektive områder som til saman styrkar kommunens samla rolle.

6.1.1 Kommunesenter

Hyllestad har funksjonen som kommune- og administrasjonssenter, med konsentrasjon av offentleg tenesteyting og møteplassar. Her ligg kommunehuset, grunnskulen, barnehagen, Hyllestadhallen, biblioteket, kvernsteinsparken, idrettsanlegg, og helsesenteret.

6.1.2 Bygdesenter

Kommunens to bygdesenter er Leirvik og Sørbøvåg. Desse er viktige område i kommunen si framtidige utvikling. Leirvik er den plassen i kommunen med størst folketal, tilgjengeleg næringsareal og er dominert av hjørnesteinsbedrifta til kommunen. Drifta påverkar kommunen i stor grad. Sørbøvåg er senter for kommunen sine omsorgstenester.



6.1.3 Fortettingssonar

Fortettingssonar er områder der ein ynskjer at bustadutviklinga skal skje, i form av fortetting, transformasjon og arealutvikling. Tilhøyrande mål for utbygging og tiltak skal vurderast i.h.t. lokale forhold og ROS analyse.





6.3 Strategiar

1. Sentrum- og bygdeutvikling

- Prioritere bustadbygging innanfor kommunens senter- og bygdestruktur.
- Legge til rette for høg arealutnytting og byggehøgder i kommunens sentrumsområde, gjennom fortetting og transformasjon.
- Utbygging i strandsona og langs vassdrag bør ikkje forringe kvalitet og verdier som rår almenne interesser som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald.

2. Stadutvikling

- Styrke kommunesenter og bygdesenter, som handelssenter og sosiale og kulturelle møteplassar.
- Bygging av fritidsbustader vil i hovudsak skje ved fortetting knytt til eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevingar.
- Opne for avgrensa utbygging i LNF-område med låg konfliktgrad mot nasjonale- og regionale omsyn, med fokus på fortetting og bruk av eksisterande infrastruktur.
- Sikre areal til samordna utvikling av hamneområde, infrastruktur og transportløyser på land og til sjøs.

3. Natur, miljø og klima

- Tilpasse arealreservar til framtidige behov. Areal som er satt av eller regulert til utbyggingsføremål som har lagt over lengre tid men ikkje bygd ut skal vurderast tilbakeført. Arealbruk i strid med nasjonale og viktige regionale interesser skal i hovudsak takast ut eller justerast i samband med planvasken.
- Prioritere transformasjon og fortetting i allereie utbygde områder for å redusere behovet for nye naturinngrep. Det skal gjennomførast eit arealrekneskap som syner konsekvensane av utbygging i arealdelen for å ivareta nasjonale og regionale omsyn. (t.d. jordvern, naturmangfald, karbonlagring, kulturminne).
- Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensar knytt til klimaendringar, samfunnstryggleik og kritisk infrastruktur.
- Nye utbyggingsområde vil utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere.
- Innarbeide omsynssoner knytt til vatn og avlaup, i tråd med kommunal VA-hovudplan.

4. Næring og verdiskaping

- Vidareutvikle etablerte næringsområde med vekt på effektiv arealbruk og kvalitet.
- Sikre eksisterande næringsareal langs sjøen som verker tiltrekkande på bedrifter med vekstpotensial for fleire lokale arbeidsplassar.
- Vidare kraft- og energiproduksjon skal ta utgangspunkt i dei naturgjevne føresetnadar Hyllestad kommune har. Utbygging av energianlegg på areal som er i konflikt med naturverdier og viktige landskapsverdier vert ikkje tillaten.
- Arbeide for effektive og framtidssretta areal for massehandtering, mineralutvinning og akvakultur.

KAPITTEL 7

Kommuneplan- prosessen og medverknad

7.1 Informasjon og kommunikasjon

Planoppstart er varsla i tråd med plan- og bygningslova §11. Gjennom revisjonsprosessen har kommunen lagt vekt på open og inkluderande kommunikasjon. Informasjon om prosessen er gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside, der innbyggjarane òg har hatt høve til å kome med kommentarar og innspel. Hyllestad Næringsråd er informert gjennom sine møte, medan politikarane er orienterte i politiske møte.

Vidare har kommunen nytta eigne sosiale medie-plattformer til å spreie informasjon, og det er sendt ut SMS til innbyggjarane for å sikre deltaking i innbyggjarundersøkinga. I tillegg er det halde dialog- og informasjonsmøte med ulike grupper og interessantar. Revisjonen av samfunnsdelen starta i 2024, med utgangspunkt i planstrategien vedteken 7. november 2024.

7.2 Organisering og medverknad i kommuneplanarbeidet

Målet har vore å sikre god politisk og administrativ forankring, slik at planen fungerer som eit aktivt styringsverktøy. Arbeidet er organisert etter ein enkel modell som byggjer på dagens styringsstruktur i kommunen. Dette gjer ansvaret for planarbeidet tydeleg og følgjer eksisterande organisering.

Kommunedirektøren er administrativ ansvarleg for prosessen og har engasjert eigen prosjektleiar til å sikre framdrift og gjennomføring av dei ulike delane av prosessen.

I starten av planarbeidet var utval for Plan og Samfunn politisk styringsgruppe.

Frå 1.januar 2026 vart ansvaret overført til Formannskapet, og utvalet for Plan og Samfunn er avvikla. Utvalet har òg vore nytta som politisk drøftingsarena, der representantar frå alle partia i kommunestyret har delteke.

Leiargruppa til kommunedirektøren utgjer den interne koordinerings- og samordningsgruppa og sikrar god kopling til sektorane og dei tilsette.

Tabell 1 gjev eit oversyn over gjennomført medverknad.

I høyringsperioden er det halde dialog- og innspelsmøte med elevrådet, ungdomsrådet og innbyggjarar med innvandringsbakgrunn. Hyllestad næringsråd er informert og oppmoda til å sende eit samla høyringsinnspel frå medlemmane sine.

Høyringa er ein viktig del av medverknaden. Dei folkevalde har ansvar for å representere innbyggjarane sine interesser. Samla sett er medverknaden vurdert som brei og tilstrekkeleg.

Dato	Metode	Målgruppe	Innhald/utbytte
2/5/2024	Arbeidsverkstad	Folkevalde i eit samspel med administrasjonen.	Gjennomgang av planprosess, planstrategi og planprogrammet til kommuneplanens samfunnsdel (KPS).
13/6/2024	Arbeidsverkstad	Folkevalde i eit samspel med administrasjonen.	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget, KPS og prioriterte satsingsområde. Signalisert ein revisjon av KPS.
27/2/2025	Arbeidsverkstad	Leiargruppa: sentral administrasjonen, helse og omsorg, kultur og oppvekst, og samfunn og teknisk.	Gjennomgang av planprosessen og revisjon av KPS. Utarbeiding og formulering av situasjonsbiletet: Situasjon og utviklingstrekk.
17/6/2025-1/7/2025	Digital innbyggjarundersøking	Alle registrerte innbyggjarar i kommunen over 15 år.	Tema: Identitet og velferd, tenester, samfunnsutvikling og framtidutsikter, og klima, energi og miljø. Totale svar: 332, svarprosent: 31,44%
8/2025	Delt dokument: kunnskapsgrunnlag	Leiargruppa: sentral administrasjonen, helse og omsorg, kultur og oppvekst, og samfunn og teknisk.	Delt kunnskapsgrunnlag i ein felles teams-kanal for å jobbe parallelt med sektorvis status og situasjonsbiletet. Formål: eit dynamisk dokument som oppdaterast ved behov.
7/10/2025	Dialogmøte	Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne.	Innspel til KPS.
16/10/2025-7/11/2025	Digital næringsundersøking	Alle registrerte verksemder i kommunen, utanom frivillige organisasjonar og ikkje-næringsdrivande verksemder.	Tema: Vekst og utvikling, digitalisering, innovasjon og berekraftig utvikling, samordning og samarbeid, kommunen si rolle, kommunedelplan for næring og verdiskaping, næringsutvikling og innspel og medverknad. Totale svar: 53, svarprosent: 22,08% Svarprosenten i undersøkinga er for låg til at resultatane kan vurderast som representative. Funna må difor tolkast med varsemd.
25/11/2025	Politikarverkstad	Utval for Plan og Samfunn	Revisjon av arealstrategi: Orientering om status KPS og KPA, prioriterte tema, gjeldande arealstrategi og prioriteringar framover.
28/11/2025	Barnetråkk	5.-7.klasse ved Hyllestad skule	Registrering i kartløyising.

Tabell 1: Gjennomført medverknad i planprosessen.

7.3 Samråd med mynde og nabokommunar

I arbeidet med kommuneplanen vil vi avdekkje område der kommunen ikkje åleine har dei verkemidla som trengst for å følgje opp nødvendige innsatsområde. For å styrkje kunnskapsgrunnlaget har kommunen derfor gjennomført eit digitalt møte med Vestland fylkeskommune om bruk av arealrekneskap i planprosessen.

Prosjektleiar og arealplanleggjar deltok òg på Plannettverk for KPA og arealrekneskap den 27. mars, for å sikre at verktøyet vert teke i bruk både i kunnskapsgrunnlaget og i arealstrategien i KPS. Dette er særleg viktig fordi arealstrategien skal vere tettare kopla til kommuneplanens arealdel.

I arbeidet med revisjon av kommuneplanen har Hyllestad kommune òg hatt tett dialog med Fjaler kommune, der vi har utveksla erfaringar og arbeidsmåtar for å styrkje kvaliteten på planarbeidet. Dialog og samarbeid med nabokommunar er viktig fordi Hyllestad er del av eit felles bu-, arbeids- og serviceområde. Pendling, arbeidsstraumar og bruk av tenester går på tvers av kommunegrensene, og gode planløyisingar krev derfor koordinering og felles forståing av utfordringar og utviklingsbehov i regionen.



7.4 Framdrift

I vedteken planstrategi 2024-2027 Kommunal planstrategi for 2024 - 2027, kombinert med planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035, vart det lagt opp til ein stram tidsplan med implementering og gjennomføring innan august 2025. Både planstrategien og planprogrammet vart utsett og endeleg vedteken 07.11.2024.

Dette påverka revisjonsarbeidet med både samfunnsdelen og arealdelen. Og arbeidet med desse vart utsett då revisjonsarbeidet vart meir omfattande enn først antatt. I tillegg påverka endringar i oppsett, nye føringar og eit større fokus på arealstrategien i forkant av arealplanen. Framdriftsplanen er endra i tråd med gjennomførte oppgåver og planlagde oppgåver framover:



Tidspunkt	Prosessarena	Aktivitet	Resultat/kommentar
Juni 2024	Utval for plan og samfunn	Vedtak: Høyring og offentleg ettersyn.	Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2025-2035
November 2024	Kommunestyret	Vedtak: Slutthandsaming.	Kommunal planstrategi for 2024 - 2027 og Planprogram for KPS 2025-2035.
Mars 2026	Formannskapet	Vedtak: Høyring og offentleg ettersyn.	Framlegg til revidert KPS 2025-2035.
Juni 2026	Kommunestyret	Vedtak: Slutthandsaming	Endeleg vedtak KPS 2025-2035.
August 2026	Formannskapen	Vedtak: Høyring og offentleg ettersyn.	Kommuneplanen sin arealdel (KPA).
November 2026	Kommunestyret	Vedtak: Slutthandsaming.	Endeleg vedtak KPA.

Tabell 2: Framdriftsplan.



Hyllestad
kommune

